

Sjukehusaksjonen for Nordfjord sjukehus
v/ Knut Leirgulen
6783 Stryn

Helse Førde

Stenging av fødeavd. Nordfjord sjukehus jula 2006.

Helse Førde driv no eit utidig press på legar, jordmødre, andre tilsette og kommunane i Nordfjord for å berge maska etter nok ei fadese. Styret og administrasjonen må vere klar over at nordfjordingane med sjukehusaksjonen i spissen vil slå ein stålring rundt dei tilsette på føden, og no må Helse Førde vise arbeidgjevaransvar og få opna avdelinga i jula.

Tiltaket med feriestenging vil medføre at over 20 fødande reiser til Volda og Helse Førde sit att med eit minus på kanskje 500 000 kr. Dette vedtaket føyer seg inn i rekkja av tidlegare vedtak der Helse Førde tapar pengar i staden for å spare.

Helse Førde har atter ein gang brote informasjonsplikta og samarbeidet med primærhelsetenesta , kommunane og folket i Nordfjord.

No må Helse Førde legge vekk prestisjen, setje dei fødande i sentrum og få opna føden i jula.

Stryn 24.11.06

For sjukehusaksjonen

Knut Leirgulen

Kopi til Nordfjordsrådet og pressa